

VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS  
Høydalsmovegen 815  
3891 HØYDALSMO

**Vår dato:** 11.10.2024

**Vår ref.:** 200904058-46 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **NVE avslår søknad om forlengd byggjefrist for Heibøåi kraftverk i Tokke kommune**

Vi viser til søknad fra Heibøåi kraftverk AS daterte 06.04.2021 om forlengd byggjefrist for Heibøåi kraftverk i Tokke kommune, Telemark fylke.

### **Bakgrunn**

NVE gav konsesjon til Heibøåi kraftverk i vedtak den 11.05.2016. Det følgjer av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd og vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell bort dersom bygggearbeida ikkje er sett i gang innan fem år frå konsesjonen blei gitt. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

I den opphavlege konsesjonssøknaden for Heibøåi kraftverk var kartlegginga av biologisk mangfald utført etter gammal metodikk, frå før 2009. NVEs vurdering var derfor at kunnskapsgrunnlaget ikkje var tilstrekkeleg til å vurdera forlenging av byggjefristen. Det vart derfor stilt krav om å utføra nye kartleggingar av biologisk mangfald for influensområdet til Heibøåi kraftverk. Kartlegginga vart gjennomført 10-11.07.2023 og 18.10.2023 av Biofokus ved John Gunnar Brynjulvsrud og Aleksander Nilsson. Sluttrapporten frå kartlegginga vart oversend NVE den 05.01.2024.

### **Søknad**

NVE har motteke følgjande søknad frå Heibøåi kraftverk AS/ Vest-Telemark Kraftlag AS:

*Heibøåi kraftverk AS er eit aksjeselskap 100 % eigd av Vest-Telemark Kraftlag AS (org.nr. 955 996 836). Dagleg leiar/ adm. dir. er Aslak Ofte og Styreleiar er Ketil Kvaale, båe tilsett i VTK.*

*Heibøåi kraftverk AS fekk konsesjon for bygging av Heibøåi kraftverk i Heibøåi i Tokke kommune i Telemark den 11.5.2016.*

*I konsesjonsvilkåra pkt. 2 står det at konsesjonen fell burt dersom arbeidet ikkje er sett i gang seinast 5 år etter konsesjonsdatoen, men at konsesjonen kan forlengast med inntil 5 nye år.*



*Prosjektet har blitt forsinka då eigartilhøvet til delar av fallet er omtvista. Alle nødvendige privatrettslege avtaler har difor ikkje kome på plass. Me har von om å få ordna opp i dette og søker difor om å få forlenga byggefristen med 5 år.*

Søknaden om forlengd byggjefrist vart sendt til NVE før opphavlege frist gjekk ut.

## Høyring

Søknaden om forlengd byggjefrist saman med ny biologisk mangfald rapport har blitt sendt til Tokke kommune, Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune for uttale. Høyringsfråsegnene har blitt lagt fram for søkeren for kommentar. NVE har fått følgjande merknader til søknaden om forlengd byggjefrist:

**Tokke kommune** uttaler følgjande i brev til NVE den 13.06.2024:

*Kommunedirektøren meiner det føreligg ny kunnskap, som kunne påverka konklusjonen i uttala frå Tokke tidlegare er gjeve. Då det føreligg ny kunnskap av konsekvensane av tiltaket og ein skal vurdere ein utvida frist for oppstart av utbygginga, må konsekvensane takast med i vurderinga for konklusjonen ein tek.*

*Kommunen har stort ansvar å ta vare på «rødlista artar» og hindre miljøskade med bakgrunn i naturmangfaldlova.*

*Med dei nye opplysningane som føreligg, bør fristen for konsesjon ikkje bli forlenga.*

### Kommunedirektørens tilråding

*Tokke kommune tilrår ikkje at fristen i konsesjonen for utbygging kraftverk i Heibøåi blir forlenga.*

*Med grunngjeving av ny kunnskap av konsekvensane på naturverdiane ved ei utbygging.*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark** uttalar følgjande i brev til NVE den 01.07.2024:

*Dei nye undersøkingane viser at områda som blir ramma av tiltaket har langt større naturverdiar enn det ein tidlegare har gått ut frå. I influensområdet er det påvist tre ulike naturtypar i kategorien sårbar (VU), og ein naturtype i kategorien nær trua (NT). Totalt er det registrert 11 naturtypar heilt eller delvis innanfor influensområdet, og 18 raudlista artar. Både freda artar og ansvarsartar er påviste her, og påverknadene av tiltaket på naturmangfaldet er i konflikt med fleire særleg viktige nasjonale eller vesentlege regionale forvaltningsinteresser.*

### Artar og naturtypar

*I dei øvre delane av influensområdet er det planlagt etablere røyrgate ved å bore i fjell. Her finst det mykje gamal skog som har sentral økosystemfunksjon og stor verdi. Eit mindre område med høgstaudegranskog (NT), og dessutan artar som sprikjeskjegg (NT), gubbeskjegg (NT) og tyrihjelm er også registrert her. Tyrihjelm er ein norsk ansvarsart. I desse øvre områda renn Heibøåi gjennom ein bratt bekkekloft med fleire små stryk- og fossesprutpåverka areal.*



I bekkekløfta er det registrert fosseberg (VU). Naturmangfaldet her blir vurdert til lite, som følgje av ingen påviste raudlista artar. Området inngår i ei større fossesprøytzone som held fram nedover i bekkekløfta, og lokaliteten oppnår god tilstand som følgje av at vassdraget framleis er uregulert. Vassdragsregulering er den viktigaste påverknaden som truar naturtypen, då redusert vassføring fører til at fosseberga og -knausane gradvis blir endra til andre naturtypar.

Sør for Bjønnemyr vil røyrgata gå gjennom høgstaudeedellauvskog (VU). Skogen har grove alm- og asketre, der fleire av trea har stammeomkrins på 2-3 meter, og fleire er hole. Naturmangfaldet er vurdert som stort, og blådoggnål (VU), klosterlåg (NT), almelav (NT), skrukkeøre (NT) og almekullsopp (NT) er påvist på alm (EN) og ask (EN) her. Almekullsopp er ein norsk ansvarsart. Det er også registrert søstermarihand (VU) ved Bjønnemyr, som er ein freda art. Samla er høgstaudeedellauvskogen vurdert til å ha høg kvalitet, og vil i stor grad ringast ved planlagt inngrep.

I området mellom Bjønnemyr, Grasskotet og Kasine er det registrert naturtypar med sentral økosystemverdi av stor og svært stor verdi, og raudlista naturtypar.

Naturtypane gammal granskog med liggjande død ved og høgstaudegranskogen (NT) omfattar store areal med sentral økosystemfunksjon. Lokalitetane er komplekse med grandominans i tresjiktet, men også ein god del edellauv, og dessutan mykje dødt virke i lokaliteten. Huldregras, myskemaure, grønnsko, svartsonekjuk, rynkeskinn, rosenkjuk, gubbeskjegg (alle NT) og tyrihjelm er påvist her. Huldregras er ein ansvarsart og grønnsko er freda. Naturmangfaldet er vurdert som stort.

Sør for Kasine er det registrert ein forholdsvis liten lokalitet med flaumskogmark (VU) langs Heibøåi og sideløp. Det finst ein god del død ved, og grønnsko (NT) er påvist med store populasjonar i lokaliteten. Heilt aust der kraftstasjonen er planlagt er det også registrert flaumskogmark, her på ur og blokkmark med høgstaudegråorskog som inngår i lokaliteten. Også her er grønnsko (NT) påvist, og naturmangfaldet blir vurdert som stort for begge lokalitetar. Flaumskogmark er avhengig av eit flaumregime som held oppe vatnets tidvise påverknad i styrke og frekvens.

Vasskraftutbygging, flaumforbygging ect førar ofte til ein svært stor tilstandsreduksjon for store delar av denne naturtypen. Då dei største flaumane vil gå i overløp vil desse framleis bidra til å oppretthalde delar av flaumregimet. Det er likevel store mengder vatn som vil fraføres elva store delar av året, og det naturlege vassføringsregimet vil endrast. Kraftstasjonen vil i tillegg utgjere eit permanent arealbeslag, som vil påverke flaumskogmarka her negativt.

Fakkeltvebladmose (VU) er påvist på låg i vasstrengen i nedre del av vassdraget. Dette er ein spesialstart som er sårbar for endring i vassføring. Vasskraftutbygging og flaumsikringstiltak er viktige påverknadsfaktorar som gjer at arten er i ein pågåande tilbakegang. I tillegg fører ofte hogstinningsgrep til at tilgangen på dødved blir redusert. Fakkeltvebladmose er ein trua norsk ansvarsart.

For dei no påviste artane som er tilknytta dei fuktige miljøa langs vassdraget vil ikkje sett minstevassføring nødvendigvis vere tilstrekkeleg som mildnande tiltak. Sjølv om minste slukeevne er sett til 26 l/s blir det vurdert i rapporten at dette nivået likevel vil



forsterke effekten av tørkeperiodar, spesielt sommartørke. Av naturtypane er fosseberg og flaumskogmark avhengige av nok vassføring for at miljøa skal haldast oppe. Inngrepa frå røyrgata og kraftstasjonen vil i tillegg medføre stor degradering av svært verdifulle naturtypar og leveområde i influensområdet.

*Det er ikkje gjennomført fiskebiologiske undersøkingar i Heibøåi i samband med prosjektet, men det er påvist aure og niauge i elva. Det er grunn til å tru at dei nedre delane av Heibøåi truleg har funksjon som gyteområde for aure. Botndyr og fisk har sine naturgitte leveområde i elva, og fisk vil truleg bli negativt påverka av redusert og endra vassføring i elva. I kva grad er vanskeleg å seie då det manglar konkret kunnskap om både bestandssituasjon og funksjonsområde. Niauge blir rekna som den viktigaste bytefisken i storaurens mellomstadie i Tokkeåi, etterfølgd av trepigga stingsild. NJFF har uttalt at det bør undersøkjast om det er gytevandrande niauge i Heibøåi, og verknadene kraftutbygginga eventuelt kan ha for arten. Me har lite kunnskap om korleis kraftproduksjon påverkar niauge, men kollapsen av niaugebestanden i vassdraget på tidleg 2000-talet blir anteken å henge saman med manøvreringa av Bandak i same periode. I tillegg til eigenverdien til niauga i vassdraget, meiner me at ei berekraftig forvaltning av storaure avheng av ei heilskapleg økosystemtilnærming der også bestandar av dei viktigaste byttedyra blir varetekne.*

### Verneplanar

Deler av influensområdet inngår i forslag om eit større verna areal som er vurdert til å ha nasjonale til internasjonale kvalitetar (4 stjerner). Statsforvaltaren fekk tilbod om frivillig vern 3.juni 2020 via AT-skog, og melde oppstart på verneprosess for Modalen 29.oktober 2021. Formålet med vernet er å bevare forholdsvis urørte skogområde som har særleg verdi for biologisk mangfald i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar.

Statsforvaltaren har planlagt å føre vidare høyring av verneforslaget hausten 2024. Dersom det blir gitt ein forlengd byggjefrist og kraftutbygginga blir realisert, inneber dette at noko av arealet må takast ut av verneforslaget, då eit slikt inngrep ikkje samsvarer med verneformålet.

Dette er eitt av berre to område i fylket som til no har oppnådd internasjonal verneverdi. Det opphavlege tilbodsområdet var eit større samanhengande område, og har allereie vorte redusert etter justering av grensene. Dersom arealet blir splitta ytterlege opp, vil det representera ei lite tenleg arrondering, samtidig som store naturverdiar vil gå tapt.

### Kunnskapsgrunnlaget

Naturmangfoldloven § 8 seier at «offentlege avgjerder som berører naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggje på vitskapleg kunnskap om artars bestandssituasjon, naturtypars utbreiing og økologiske tilstand, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til karakteren og risikoen i saka for skade på naturmangfaldet (...)»



*Statsforvaltaren har ikkje avgjerdssstyresmakt i vasskraftsaker. Me meiner difor at det er uehdig om me skal vere ansvarleg for å vurdere om dagens kunnskap er tilstrekkeleg, og om han står i eit rimeleg forhold til karakteren og risikoene i saka for skade på naturmangfaldet. Dette er eit ansvar som er tillagt avgjerdstakar.*

*Statsforvaltaren gjer ei generell fagleg vurdering og tilråding, og påpeikar manglar der det skulle finnast.*

*Som høyringspart i saka meiner me at kunnskapsgrunnlaget har manglar når det gjeld akvatisk fauna, og då særleg fisk. Det er likevel i stor grad styrkt når det gjeld andre artar og naturtypar i influensområdet, og viser allereie tydeleg at omsøkt tiltak vil føre til alvorleg miljøskade på naturmangfaldet som til no er kartlagt. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til karakteren og risikoene i saka for skade på naturmangfaldet. Jo viktigare naturverdiar som blir ramma av eit tiltak, desto grundigare bør skildringa av desse, og effekten av påverknadene, vere. All den tid det er knytt noko uvisse til kor stor avgrensing i vassføring aktuelle naturtypar og artar kan tolerere, vil det vere vanskeleg å vurdere dei reelle konsekvensane av kraftutbygginga. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldslova § 9 bør difor vektleggjast på dette punktet. Me vil minne om at Heibøåi også er ein del av økosystemet i eit vassdrag som allereie er svært påverka av vasskraft, og at den samla belastninga på økosystem jf. nml. § 10 difor også bør sjåast i samanheng med dette.*

### Tilråding

*Rundskriv T-2/16 viser kva miljøomsyn staten særleg skal vareta, og klargjer kva som er av nasjonal eller vesentleg regional interesse. Dei nye momenta i saka representerer i stor grad fleire av desse interessene. Tokke kommune tilrår ikkje ein forlengd byggjefrist på bakgrunn av kommunens ansvar for ivaretakelse av raudlista artar og natur, og den miljøskaden tiltaket vil medføre. Statsforvaltaren stiller seg bak denne vurderinga. Me meiner at nytta av tiltaket for samfunnet har verdi, men at verdien av det rike naturmangfaldet og intakt urørt natur må vektleggjast i endå større grad. Me kan ikkje sjå at moglege mildnande tiltak kan bøte på miljøskadane i stor nok grad utan at prosjektet vil miste sin verdi. Statsforvaltaren ser svært alvorleg på konsekvensane omsøkt tiltak vil ha for naturmangfaldet, og frarår på det sterkeste at omsøkt tiltak får forlengd byggjefrist.*

**Vest- Telemark Kraftlag** kommenterte dei innkomne utsegnene i brev til NVE den 03.07.2024:

*«Vi syner til høyringsfråsegn frå Tokke kommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark angåande forlenging av byggjefrist for Heibøåi kraftverk. Både Kommunen og Statsforvaltaren har gitt sine vurderingar ut frå sitt mandat som sektormynde for kvar sine forvaltningsmessige område. I begge høyringsfråsegna leggjast det vekt på at det i den nyaste miljøkartlegginga har kome fram ny kunnskap som ikkje vart lagt til grunn når konsesjonen opphaveleg vart innvilga i 2016. Vi er samd i dette.*

**Tokke kommune:** Vi har ikkje kommentarar eller merknader til innhaldet i høyringsfråsegnen.



**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark:** Vi har ikkje kommentarar eller merknadar til innhaldet i høyringsfråsegna.

Så langt vi kan sjå er konklusjonen til både høyringspartane godt grunngjevne ut frå deira roller. Som kraftprodusent er vår rolle og vårt mandat å byggje ut ny fornybar energi som bidreg til ein reduksjon i nasjonale og globale klimagassutslepp, og å skape større verdiar for eigarkommunane. Som Statsforvaltaren peikar på i sin konklusjon, har prosjektet i så måte også ein nytteverdi for samfunnet. Det er NVE sitt ansvar å vege opp om denne nytteverdien er større eller mindre enn ulempa i form av mellom anna naturtap og risiko for å råke raudlisteartar. Vi reknar med at NVE er godt kjend med alle dei dilemma ein må ta stilling når miljøtap må vegast opp mot klimavinst og framtidig kraftbalanse. Heibøå Kraftverk AS vil rette seg etter NVE sin avgjersle når ho ligg føre.»

### NVEs vurdering

Ein søknad om forlengd byggjefrist inneber ikkje at det blir gjort ei ny samla vurdering av fordelar og ulepper ved tiltaket, slik det blei gjort i behandlinga av den opphavlege konsesjonssøknaden. I saksbehandlinga skal NVE berre vurdera om det har oppstått nye eller endra forhold sidan konsesjonstidspunktet. Dersom det kjem fram ny vesentleg informasjon, kan NVE avslå ein søknad om forlengd byggjefrist. Eit sentralt moment i vurderinga vil vera om ein kan setje nye vilkår som kan avbøte ulempene. Etablert forvaltningspraksis, støtta opp av forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova, tilseier likevel at det har vore føresett at det skal praktiserast lempelighet ved fristforlengingar.

### Ny kunnskap om naturmangfald

På vedtakspunktet i 2016 var omsynet til raudlisteartane alm (NT i 2010), ask (NT i 2010), almelav (NT), huldregras (NT) og syster marihand (VU) vektlagt. Daverande kunnskapsgrunnlag omtalte også naturtypar etter DN handbok 13 (edellauvskog med A-verdi og landskapsforma bekkekloft med B-verdi) i mindre utstrekning enn dagens kartlegging. Artane alm og ask har sidan kartlegginga og konsesjonstidspunktet fått endra status på raudlista til EN – sterkt trua, men dei blir ikkje vurderte på nytt då dei er trua av andre faktorar enn vasskraftutbygging.

I samband med søknaden om forlengd byggjefrist bad NVE om oppdaterte undersøkingar av biologisk mangfald før søknaden kunne handsamast. På oppdrag frå Vest-Telemark kraftlag (VTK) kartla stiftinga Biofokus i 2023 biologisk mangfald og gjennomførte ei konsekvensutgreiing av naturmangfald i influensområdet.

Kartlegginga til Biofokus avdekte ei rekke nye trua artar og naturtypar. Det er registrert fakkeltvebladmose (VU) på liggande død ved (læger) i vasstrengen i nedre del av vassdraget. Aust for Kasine vart skogsbekkemose (NE, DD i 2015) påvist og potensialet for fleire krevjande mosar på død ved i vasstrengen er stort. Grønnsko (NT) finst hyppig på død ved langs vassdraget. På ask og alm sør for Bjønnemyr er blådoggnål (VU), klosterlav (NT), almekullsopp (NT) og skrukkeøre (NT) påvist, i tillegg til funn av almelav (NT). I skogen mellom Grasskotet og Heiberget vart det på gran funnen svartsonekjuk (NT), rosenkjuk



(NT) og rynkeskinn (NT). Vest for Heibøåi vart gubbeskjegg (NT) og sprikjeskjegg (NT) påvist. I tillegg er det i artskart registrert funksjonsområde for gaupe (EN) og granmeis (VU).

Fakkeltvebladmose er kategorisert som sårbar (VU) på raudlista av 2021 og er ein norsk ansvarsart med truleg 25-50 % av Europas populasjon i Noreg. Denne lever på læger i vasstrengen og er avhengig av eit fuktig klima som resultat av vassføring og årlege flaumar for å minske konkurranse frå andre artar. Almekullsopp (NT) er også ein norsk ansvarsart og har truleg over 50 % av Europas populasjon i Noreg. Denne veks på alm (EN) i området der røyrgata er tenkt nedgrave. I tillegg til ansvarsartane er grønsko (NT) som veks hyppig langs vasstrengen, freda mot direkte skade eller øydelegging etter Forskrift om freding av trua artar (FOR-2001-12-21-1525).

I 2023 vart bekkekløfta vurdert til å ha middels verdi, og fira raudlista naturtypar vart registrert i tilknyting til vasstrengen: fosseberg (VU), høgstaudeedellauvskog (VU), flaumskogmark (VU) og høgstaudegranskog (NT). I tillegg vart det påvist gammal granskog med liggande død ved av svært høg kvalitet og gammal høgstaudegråorskog av høg kvalitet.

Etter BioFokus' vurdering vil dei anleggstekniske inngrepa påverke fleire av dei raudlista naturtypane negativt. Den sannsynlege påverknadsgrada i anleggsfasen blir vurdert til øvre sjikt av noko forringa. I driftsfasen vil dei vassdragstilknytta naturtypane og artane bli negativt påverka som følgje av vesentleg redusert vassføring i vassdraget. BioFokus uttaler at det er knytte uvisse til grada av negativ påverking for dei vassdragstilknytta artane, og at det taler for at naturmangfaldlova (nml.) § 9 (før-var-prinsippet) må leggjast til grunn. BioFokus vurderer den sannsynlege (samla) påverknadsgrada i driftsfasen til å vere forringa. Med føreliggjande kunnskap konkluderer BioFokus med at den planlagde utbygginga vil medføre alvorleg miljøskade (---) for naturverdiane i det ramma området.

### *Verneplanar*

I høyringsinnspelet frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark framkommer det at området rundt Heibøåi er del av eit større foreslått verneområde igjennom ordninga frivillig vern av skog. Området er anslått å ha nasjonal til internasjonal verdi (4 stjerner) og er berre eitt av to område i fylket som har oppnådd internasjonal verneverdi. NVE noterer seg dette.

### *Vurdering av nye og endra forhold*

BioFokus si kartlegging syner at det er vesentleg større naturverdiar innanfor influensområdet til Heibøåi kraftverk enn det som låg til grunn for konsesjonsvedtaket i 2016. Området sin verdi for naturmangfold, blir støtta opp under av at delar av influensområdet no inngår i forslag om eit større verna areal som er vurdert til å ha nasjonale til internasjonale kvalitetar (4 stjerner). Dette er ny vesentleg informasjon som NVE må legge til grunn i vår vurdering av byggefristforlenginga.

Med den konsesjonsgitte utbygginga vil vassføringa i Heibøåi bli redusert med over 70 prosent, frå snautt 250 l/s til vel 65 l/s som eit snitt over året. Vesentleg redusert vassføring vil påverke dei påviste vassdragstilknytta naturtypane og raudlista artane gjennom



redusert habitatkvalitet. Dei anleggstekniske inngrepa som røyrgate og kraftstasjonsområde vil også påverka fleire av dei raudlista naturtypane negativt og kan vanskeleg la seg avbøte. NVE vurderer det slik at tiltaket slik det føreligg vil vera i konflikt med nml. §§ 4 og 5 om forvaltningsmål for naturtypar og artar, der mangfaldet av, og økosystemfunksjonen til naturtypar og artar skal bli ivaretak.

NVE noterer seg at Tokke kommune som var positiv til opphavleg konsesjonssøknad, no går imot byggjefristforlenginga. Statsforvaltaren frarår ei forlenging. NVE merker seg også at konsesjonæren er samd med høyringspartane om at naturverdiane er større enn det som tidlegare har blitt lagt til grunn.

### **NVE sitt vedtak**

**NVE har på grunnlag av den nye kunnskapen om biologisk mangfold gjort ei konkret vurdering på om Heibøåi kraftverk kan få forlengd byggjefrist. NVE kan ikke sjå at det finst avbøtande tiltak som i tilstrekkeleg grad kan redusere ulempene for naturmangfaldet, utan at dei går vesentleg utover samfunnsnytta til prosjektet. NVE meiner at det ligg tungtvegande omsyn føre som tilseier at søknaden om forlengd byggjefrist for Heibøåi kraftverk må avslåast. I medhald av vannressursloven §§ 27 og 19 andre ledd, og vassdragsreguleringsloven § 15, avslår NVE søknaden om forlengd byggjefrist.**

### **Om klage og klagerett**

Sjå eige vedlegg om klagetilgang.

Med helsing

Carsten Stig Jensen  
konsesjonsansvarleg

Brit Torill Haugen  
fungerende seksjonssjef

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*

### **Mottakarliste:**

VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS

### **Kopimottakarliste:**

VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS - Magnus Kvalbein  
TOKKE KOMMUNE  
Heibøåi kraftverk AS  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK  
TELEMARK FYLKESKOMMUNE



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjerving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjerving, kan du be NVE om å få ei grunngjerving. Du må be om grunngjervinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</li></ul>
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntake offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndighet. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.